



Møtebok

Sak nr 43/2009

Møtedato: 18.11.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S772

S 772, Nøsen – søknad om sel, ny behandling

Statens landbruksforvaltning (SLF) har den 20.4.09 oppheva fjellstyret sitt vedtak 1/2008 om tilleta oppføring av sel på 56 m² på stølen til Rune Øygard på Nøsen. Grunngeving for SLF sitt vedtak er at det ikkje er dokumentert behov ut frå drifta for ein slik bygningsmasse som det er søkt om og at det ikkje er teke nok omsyn til uttale frå Oppland fylkeskommune og Statskog.

Statskog og Oppland fylkeskommune tilrådde tilbygg på selet. For Rune Øygard var ei forlenging av eksisterande sel ikkje aktuelt alternativ. Etter hans syn blir dette ei svært upraktisk løysing og fjellstyret har støtta han i det ved tidlegare behandling. Etter SLF sitt vedtak, søkte Øygard 23.4.09 om å få rive eksisterande to sel for å føre opp att eitt nytt sel på ca 70 m² (BRA). Det er ikkje lagt ved teikningar av selet, og ein oppfatar søknaden som å få avklara om han får rive eksisterande sel og at han får prinsipielt avgjerd på om han får lov til å føre opp nytt sel.

Fjellstyret har den 24.4.09 oversendt søknaden til Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale.

I brev datert 29.4.09 Statskog skriv at dei vil gi endeleg uttale når Oppland fylkeskommune har uttala seg til søknaden. Fjellstyret har ikkje motteke svar frå Oppland fylkeskommune.

I sak 20/09 gjorde fjellstyret slikt vedtak:

Fjellstyret ser at Oppland fylkeskommune har fått for kort frist for å uttale seg til søknaden, og utsett saka til neste møte.

Fjellstyret såg på saka saman søkjar, Statskog og Oppland fylkeskommune under befarung den 15.6.09. Søkjar opplyste at han vurderte å omdisponere det gamle selet til ei form for "museum" for støling og mjølkeproduksjon.

I e-post datert 19.8.09 endrar Øygard søknaden til å få omdisponere det gamle selet på Nøsen til et kulturminne med gamle gjenstandar frå fortida som har med støling og mjølkeproduksjon å gjera. Målet er også å få satt i stand den gamle mjølkebil. Samstundes opprettheld Øygard sin søknad om å få føre opp nytt sel. Teikningar er lagt ved søknaden. Prosjektet er teke opp med Østlandsmeieriet og Valdres natur- og kulturpark. Søknaden er sendt Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale.

Oppland fylkeskommune har i e-post datert 28.8.09 kome med merknader til utforminga og lagt ved ei alternativ utforming av nytt sel. M.a. er storleik på sel redusert med 10 m². Det er ikkje svara på verdisetting av det gamle selet og administrasjon har derfor bedt Oppland fylkeskommune om følgjande utgreiing:

Fjellstyret har behov for ei meir klargjerande verdivurdering av det gamle selet og ynskjer ei tilbakemelding på følgjande spørsmål:

- 1. Kan det tilrådest ei påbygging eller bør selet bevarast som eit sjølvstendig bygg?*
- 2. Er det ev. mulig å få til eit påbygg av eksisterande sel slik at det både blir praktisk og at verdien av det gamle selet blir behalde?*
- 3. Tilrår Oppland fylkeskommune at selet kan rivast dersom søkjaren ynskjer å gjera dette? Vi viser her til søknad frå i vår der dette var eit alternativ.*
- 4. Fjellstyret ber Oppland fylkeskommune å prioritere kva som er beste løysing mellom:*
 - A. Tilbygg på gamalt sel*
 - B. Nytt sel og tilbakeføre det gamle selet til opphavleg utforming*
 - C. Nytt sel og rive det gamle.*

I sak 37/09 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som er nødvendig for å vurdere søknaden. Dette gjeld verdivurdering frå Oppland fylkeskommune og uttaler om etablering av "museum". Fjellstyret utsett saka til slik dokumentasjon er lagt fram.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 12.10.09 gjeve følgjande uttale:

Vi viser til e-post mottatt 24.04., befarung 15.06. med fjellstyret og e-post 31.august 2009.

Etter befaringa mottok vi ei skisse frå eigarane på utforming av nytt sel saman med bilde av ulike sel i nærområdet. Vi ga attendemelding på denne med ei revidert skisse i e-post 28.08.2009 til eigar og fjellstyret.

Mottatt e-post frå fjelloppsyn Harald Ranum 31. august hadde dette innhaldet:

Det har vore mange rundar med denne saka og med ulike variantar på løysingar knytt til bygging av sel på stølen til Rune Øygard. Fjellstyret har behov for ei meir klargjerande verdivurdering av det gamle selet og ynskjer ei tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1 Kan det tilrådest ei påbygging eller bør bevarast som eit sjølvstendig bygg?

Ut frå omsynet til vern vil vi primært tilrå at eksisterande sel vert tilbakeført og ikkje tilbygd slik at det kan stå som eit døme på dei små, gamle stølshusa. Tanken om å nytte det til formidling er spennande. Dette er ein viktig støl.

2 Er det ev. mulig å få til eit påbygg av eksisterande sel slik at det både blir praktisk og at verdien av det gamle selet blir behalde?

Vi vurderer det som mogleg, men vanskeleg å bygge til eksisterande sel og få til ei praktisk løysing som behaldar del kvalitetane som huset har i dag. I dag er mykje av særpreget knytt til interiøret, mellom anna med lav takhøg i kjøkkenet. Slik vi vurderer det er einaste praktiske muligheit å byggje til eit soverom i lengderetninga ut frå stua. Dette kan gi eit soverom til utan at det medfører mykje gangareal. Opninga for vindauge må i tilfelle bh utvida til dørøpning. Ei slik løysing vil endre lite på interiøret, men huset vil framstå som større, og endre karakter sett utanfrå. Ei utfordring vil bli avstand til skigarden og ev tomtegrense.

3 Tilrå Oppland fylkeskommune at selet kan rivast dersom søkjaren ynskjer å gjera dette? Vi viser her til søknad frå i vår der dette var eit alternativ.

Fylkeskonservatoren vil ikkje tilrå at vert gjeve løyve til riving av det gamle selet sidan det er vurdert til å ha høg verneverdi.

4. Fjellstyret ber Oppland fylkeskommune å prioritere kva som er beste løysing mellom:

- A. Tilbygg på gamalt sel
- B. Nytt sel og tilbakeføre det gamle selet til opphavleg utforming
- C. Nytt sel og rive det gamle.

Fylkeskonservatoren vil prioritere alternativ B, nytt sel og tilbakeføring av det gamle til opphavleg utforming. Eit vilkår må vera at det eventuelt nye selet vert utforma på ein slik måte at det underordnar seg det gamle i forhold til størrelse, enkel utforming, materialbruk og fargar. Det visast til tidlegare korrespondanse, sist vår skisse 28.08.2009.

Konklusjon: Med omsyn til verneinteressene er alt B, med tilbakeføring av det gamle selet best. Det er særst viktig at størrelse og utforming på det ev nye selet blir i tråd med tradisjonelle stølshus og ikkje får hyttepreg. Alt. A vurderast som ei mogleg løysing, men ikkje fullgod løysing. Det vil vera eit tap for stølsmiljøet om alt C blir vedteke.

Statskog har i brev 30.10.09 gjeve følgjande uttale:

Vi viser til søknadsskjema og e-post i april 2009 hvor det søkes om riving og gjenoppføring av selet på stølen til Rune Øygard. Videre til befarung i juni hvor saken ble diskutert mellom stølsbruker, fjellstyret, fylkeskonservatoren og Statskog, og til sist uttale fra fylkeskonservatoren i brev av 12. oktober i år.

Dette er en sak som har trukket langt ut i tid, og som har vært opp til vurdering i flere omganger. I denne omgang er det søkt om riving av eksisterende sel, og om gjenoppføring av nytt. I tillegg er det gjennom befarung og forespørsler fra fjellstyret reist spørsmål om hvilke alternativer til riving og gjenoppføring av selet som er tilrådelig i dette tilfellet.

Ettersom alternativene er ytterligere konkretisert i e-post fra Vestre Slidre fjellstyre til fylkeskonservatoren den 31. august velger også Statskog å ta stilling til de samme alternativene.

A. Tilbygg på gamalt sel

Fylkeskonservatoren konkluderer med at dette er gjennomførbart. Etter vårt syn er dette det mest rasjonelle alternativet med hensyn til stølsbrukerens behov i forhold til drifta og familiesituasjon. Dette er også det minst omfattende alternativet med tanke på investeringer og gjennomføring.

B. Nytt sel og tilbakeføre det gamle selet til opphavleg utforming

Vi noterer oss at fylkeskonservatoren prioriterer denne løsningen høyst, men vi ser det da som relevant å presisere at fylkeskonservatorens primære tilråding bygger på et ønske om at opprinnelig sel tilbakeføres til sin opprinnelige tilstand, og eventuelt benyttes til formidling av stølskultur.

Fylkeskonservatoren mener også at det må være et vilkår for denne løsningen at et eventuelt nytt sel nr. 2 på denne stølen må utformes slik at det underordner seg det opprinnelige selet i størrelse og enkel utforming.

Forutsatt at fylkeskonservatoren får sitt ønske vedrørende tilbakeføring og formidling av det opprinnelige selet oppfylt, hvilket vi ikke har mottatt ytterligere informasjon om siden befaringen i juni, har heller ikke Statskog store motforestillinger mot en slik løsning. Men tilbakeføring av opprinnelig sel, og eventuell formidling bør i så fall være en forutsetning for å få bygge nytt. For å kunne sikre at dette faktisk skjer må det i så fall stilles krav om tilbakeføring av eksisterende sel og formell forpliktelse til formidling av dette før det eventuelt gis tillatelse til oppføring av nytt sel.

C. Nytt sel og rive det gamle

Etter vår oppfatning er dette et aktuelt alternativ dersom søkeren for en hver pris ikke ønsker å påbygge eksisterende sel. Fylkeskonservatoren går sterkt i mot denne løsning ettersom de er av den oppfatningen at selet har høy verneverdi. Allikevel foreligger det ikke noe formelt vern av bygget som tilsier at riving og gjenoppføring av selet ikke er et reelt alternativt. Av hensyn til stølsbrukeren og selets funksjonalitet for ham og hans familie er vi i liten tvil om dette vil være en svært hensiktsmessig løsning.

Konklusjon:

Statskog prioriterer alternativene i følgende rekkefølge:

1. En moderat påbygging av eksisterende sel vil etter vårt syn gi stølsbrukeren nødvendig bo-areal til å huse en småbarnsfamilie i forbindelse driften av stølen. Eventuelle hindringer som avstand til skigard og grense for utvist areal har fjellstyret kompetanse til å løse på en enkel måte. En påbygging vil kunne være teknisk krevende, men det opprinnelige selet vil i stor grad kunne bevares sammen med et påbygg og således vil mye av kulturverdiene ivaretas. Dette er følgelig det alternativet som etter vårt syn best ivaretar de forskjellige synspunkter i saken, og den mest rasjonelle løsningen for stølsbrukeren.
2. Riving er som sagt et alternativ all den tid selet ikke er underlagt formelt vern, og vil uten tvil være den beste løsningen med hensyn praktisk bruk av selet. Samtidig vil dette være den mest ekstreme løsningen med hensyn til de kulturverdier og kvaliteter stølen har i henhold til fylkeskonservatoren. Sett i lys av at svært mange nybygde sel har en tendens til å få utforming som ligger nærmere hytter enn tradisjonelle sel anser vi heller ikke denne løsningen som den beste for stølsmiljøet og stølslandskapet som fremheves som viktige elementer for Vestre Slidre kommune og statsallmenning.
3. Tilbakeføring av eksisterende sel og oppføring av nytt anser vi som en særdeles dårlig og lite brukervennlig løsning for en småbarnsfamilie. Argumentene for en slik løsning bygger på ønsker om å gjenopprette kulturverdier som ikke er underlagt formelt vern, og idéer om å bruke det gamle selet som en "visningsstøi" uten at denne idéen er tatt noe videre de siste 4 månedene siden befaringen i juni. Ettersom både fylkeskonservatoren og Statskog er enige om at et eventuelt sel nr. 2 må underordne seg det opprinnelige selet, bør stølsbruker få anledning til å vurdere hvor aktuelt og ønskelig det vil være for ham og hans familie å ha to små sel fremfor ett som er noe større.

Valdres Natur- og Kulturpark skriv i e-post datert 3.11.2009 følgende:

Takk for henvendelse om spennende spannbilprosjekt datert 02.10.09. Vi har jo tidligere hatt møte om dette, der vi (VNK) har signalisert at vi synes dette er et spennende tiltak. Spannbilen kan binde stølshistorikken i Valdres sammen, og bidra til positiv aktivitet med stølslivet som bakteppe. Vi vil selvfølgelig hjelpe til så godt vi kan – uten at vi kan gi noe bindende løfter om finansiering. Dette må uansett bli et prosjekt basert på "kronerulling" med ulike delfinnsiører.

Jeg vil anbefale deg om å sette opp en søknad – med budsjett, der du selv viser hvem du mener kan bidra inn i prosjektet.

Jeg kan godt hjelpe deg med å finne ut av "søknadsjungelen" hvis du ønsker det.

Tine Meieriet Øst Fosheim har i brev datert 4. 11.09 gjeve slik uttale:

Viser til din forespørsel vedrørende TMØ Fosheim sin holdning til "spannbilprosjektet" du sysler med.

Vi synes initiativet med å sette i stand denne historierike bilen og benytte den til å sette fokus på stølsdrift og også gi det et historisk sus er glimrende. Denne bilen har tidligere vært en del av meieriet sin drift. Hvis den blir satt i stand igjen synes vi det hadde vært fint om et opplegg som du har skissert også innbefatter besøk/omvisning på melerianlegget. På den måten kan utviklingen fra bilens storhetstid og fram til i dag

synliggjøres på en fin måte. Det samsvarer også godt med initiativ som Vestre Slidre kommune har tatt overfor oss vedrørende aktivitet i Røn og rundt meieriet.

TMØ Fosheim er positive til dette arbeidet.

Prosjektet "Heime og på støle" har i brev datert 10.11.09 gjeve følgjande uttale:

Det er gledeleg å lesa at du får støtte frå Oppland Fylkeskommune for å ta vare på og tilbakeføre det gamle selet på stølen, og at dei er einige i at det er betre å byggje nytt enn å byggje på det vesle, låge selet. Uttalen frå Statskog syner vel at dei og har kome fram til mykje av den same erkjenninga, og at dette har vore ei god sak for å bli klar over kva for ressursar stølane representerer, på mange plan.

Områdetiltaket "Heime og på støle" har jobba for at det skal vere mogleg å ta vare på og vidareutvikle ressursane på stølen: Det gjeld både innmark, utmark, stølshus og den levande kulturen knytt til bruken av stølane, ikkje berre midt på sommaren, men til alle årstider. Då treng ein å få forståing frå styresmaktene kva som trengst for at dagens unge folk vil bruke stølane sine. På den andre sida må vi og ha forståing for kva for arv vi er ein del av og som vi dermed har teke på oss å forvalte for komande generasjonar.

Denne arven er m.a. eit unikt stølslandskap, med eit serpreg som gjer at vi ser at dette er eit stølslandskap og ikkje eit hyttefelt. Områdetiltaket ser gjerne at du får ti leit godt tilpassa sel, og at det gamle selet blir tilbakeført når det gjeld ytre kledning og tilbygg (veranda). Inni er det for ein stor del originalt, noko som gjer at det er verneverdig og godt kan vere ein visningsstøls eller liknande i framtida.

Underteikna synest likevel ikkje det er rett å leggje føringar for bruk av gamleselet som turiststøls eller visningsstøls i samband med ei byggjesak. Det som er viktig for stølepreget her, er at det blir tilbakeført utvendig. Vidare er det viktig at det nye selet blir utforma og plassert slik at det framstår som eit stølshus i eit ekte stølsmiljø. Difor bør det og takast omsyn til stølsmiljøet også når det gjeld andre bygningar og deira plassering, skala og utforming som del av det heilskaplege stølsmiljøet på stølen din og på stølslaget Nøsen.

Dersom du skal ha unntak frå Stølsforskrifta og praktisering av denne, er det viktig at den vidare satsinga på stølen underbygger stølspreget og byggeskikken, slik at andre stølseigarar med liknande spørsmål også seinare kan bli handsama med forståing og med godvilje frå styresmaktene si side. Det betyr at heile bygningsmiljøet på stølen bør takast med i vurderinga, slik at vi får eit godt eksempel på korleis ein kan ta vare på det ekte stølsmiljøet for framtida. Det gjeld spørsmål om materialval, plassering av hus, skala/storleik på husa, bruken av husa osv. Til dette arbeidet kan du får god hjelp av rådgjevar ved Valdresmusea (Odd Arne Rudi), som kan tilby ein dag gratis rådgjeving per husstand i Valdres.

Dersom du ynskjer å gå vidare med visningsstøls og restaurering av mjølkebil osv, er det spennande kulturformidling på mange plan. Katarina Sparstad ved Valdres natur- og kulturpark kan vere ein god person å kontakte i denne samanheng. Men heller ikkje eit slikt restaurerings- prosjekt finn eg det er rett knytte opp mot ei byggjesak. Det må ikkje vere slik at ein må lage til museum for å få lov til å ta vare på stølshusa sine.

Eit slikt tiltak som visningstøls og restaurering av mjølkebil kan du derimot byggje inn som del av ein SMIL-søknad, dersom du ynskjer det. I slike saker er det lurt å ha ein god dialog med landbrukskontoret og Anne Marie Mørstad.

Eg ynskjer deg lykke til med restaureringa av gamleselet og at du finn ei god løysing når du skal byggje nytt sel!

Rune Øygaard har ikkje lagt fram meir konkret plan for visningsstøls eller "museum". Det er usikkert om omdisponering av sel til "museum" kan reknast som småskala turisme. Oppføring av utradisjonelle bygg, til f.eks. til småskala turisme, krev at ein har dyrehald i allmenningen på sumaren og at det må vera ei verksemda som bør krevje menneske til stades tilnærma kontinuerleg, jf. rettleiar frå LMD. Vidare skal verksemda framstå som ein rasjonell bruksform, og planane for verksemda må vere vurdert som hensiktsmessige og levedyktige av lokale landbruksmyndigheiter. Vilkår er ikkje oppfylt slik drifta er planlagt på garden. Det er positive signal frå ulike instansar, men lite konkret om planane. Slik drifta er skissert, vil ikkje dette kunne godkjennast etter stølsforskrifta.

Oppland fylkeskommune har gjeve uttale om at det gamle selet har ein stor verneverdi og bør bevarast. Dei meiner den beste løysinga er at søkjaren får føre opp eit nytt sel som er tilpassa det gamle selet og at det gamle selet blir ført tilbake til opphavleg utsjånad. Påbygging av det gamle selet kan vera aktuelt, men dette er ikkje ei fullgod løysing. Riving av det gamle selet er eit tap for stølsmiljøet og kan ikkje tilråast.

Statskog meiner den beste løysinga er å bygge på eksisterande sel. Riving av eksisterande sel og oppføringa av nytt sel er etter Statskog sitt syn eit greitt alternativ. Statskog har ikkje store innvendingar mot oppføring av nytt sel om det blir stilt vilkår til utforming av både det gamle og nye selet og at det ev. blir stilt krav til formidlingsstøls.

Statskog legg i si uttale ikkje særleg vekt på vekt på kulturverdiar fordi bygget ikkje er underlagt formelt vern. Fjellstyret oppfattar reglane i stølsforskrifta nettopp for å ta vare på verdiar som ikkje har eit formelt vern. Det som er formelt verna, er sikra gjennom vernevedtak. Det er ikkje mange stølshus som er verna i landet, men det er svært mange som har stor kulturell verdi. Er det kulturhistoriske verdifulle hus, bør ikkje fjellstyret stille vilkår om at desse skal rivast. Statskog er ikkje fagetat på dette området, og i fjellstyret si vurdering må det leggjast vekt på uttale frå avd. for kulturvern i Oppland fylkeskommune.

Det sentrale i fjellstyret si behandling er kor stor veket ein skal leggje på kulturhistoriske verdiar. Det er ulike prioritering i tilrådingar frå Statskog og Oppland fylkeskommune. Ved vurdering av kulturhistoriske verdiar bør ein ikkje berre sjå på det enkelte hus, men det er viktig at ein ser på heile stølsmiljøet under eitt. Dette bør omfatte utforming og plassering av alle hus og eventuelle terrenginngrep. Ved ei eventuell godkjenning, bør søkjaren forplikte seg til at framtidige tiltak blir gjort i samsvar med intensjonane om å bevare stølsmiljøet i samsvar med lokal byggeskikk. På stølen er det tidlegare planlagt/gjennomført endringar på stølshusa som ikkje er heilt i samsvar med lokal stølstradisjon. Om ein fråvike normalt regelverk med grunngjeving om kulturhistoriske verdiar, må dette forplikte stølsbrukaren langt sterkare enn ved ei vanleg byggesak. Fjellstyret bør vurdere om ein skal gjera dette i ei særskilt avtale med stølsbrukaren.

Øygard har endra søknaden gjennom prosessen. Opphavleg (2007) søkte han om å føre opp eit sel på 70 m² i tillegg til det gamle på 41 m². Før sluttbehandling endra han søknaden på nytt sel frå 70 til 56 m². I sak 1/08 godkjente fjellstyret denne søknaden. Etter SLF hadde oppheva dette vedtak, søkte Øygard om å få rive det gamle selet og før opp eit nytt på 70 m². I ettertid har Øygard endra søknaden til å få føre opp eit sel på 70 m² og i tillegg ha det gamle selet ståande som "museum". I e-post datert 15.11.09, skriv han at han ynskjer å få behandla søknad om riving av det gamle selet, om dette er nødvendig for å få føre opp nytt sel på 70 m², jf. tidlegare oversendt teikning.

Oppland fylkeskommune har vurdert teikningane og har tilrådd ei forenkla form og redusert storleik. Fjellstyret må ved si behandling leggje fylkeskommunen si uttale til grunn. Ved telefonsamtale den 17.11.09 opplyste søkjaren at han ikkje hadde oppfatta fylkeskommunen sine endringar for utforming også gjaldt areal. Han hadde ikkje merknader til at søknaden vart vurdert i samsvar med uttale frå fylkeskommunen, dvs sel på 60/66 m² (BRA/BYA) med vilkår om tilbakeføring av gammalt sel. Det er berre lagt ved grunnriss av det forenkla selet og fjellstyret må få oversendt nye teikningar før ein kan sluttbehandle saka. Dette gjeld også kart med plassering av nytt sel. Grunnen for at dette ikkje er lagt ved, er at søkjaren fyrst ynskjer å få avklare om han får lov til å bygge.

SLF oppheva fjellstyrevedtak 1/08 med grunngjeving om det ikkje var dokumentert behov for selet og at det ikkje var lagt nok vekt på innhenta utaler. Oppland fylkeskommune gav si fyrste uttale utan å ha vore på befarung. Etter dei har vore på befarung, støttar dei grunngjevinga som fjellstyret hadde i vedtaket SLF oppheva. Etter at Oppland fylkeskommune endra si uttale, har heller ikkje Statskog vesentlege merknader til at søkjaren får føre opp nytt sel på 60 m² (BRA) på vilkår av at det gamle blir tilbakeført. Det ligg derfor føre endra vilkår som gjer at fjellstyret kan behandle saka på nytt.

I ny stølsforskrift frå 2009 i §6, er det teke inn eit nytt moment som fjellstyret skal leggja vekt på ved utvising av støl: *Ein skal og leggje vekt på om etableringa sikrar levande setre og ei seterkultur for framtida.* Dette viser at lovgjevar meiner at det svært viktig å ta vare på stølar og stølskultur for framtida og at fjellstyret skal ta omsyn til dette i saker knytt til støl. Kravet for å få vist ut støl er langt høgare enn å få bygge sel. Det er derfor heilt logisk at ei slik verdivurdering av stølsbruket også må vera avgjerande når ein skal behandle byggesaker.

Eit levande stølsmiljø er avhengig at ikkje berre mjølkeprodusentar er på stølen, men at også anna landbruksproduksjon blir stimulert til drift. I denne saka er det ein ung stølsbrukar som tek opp att drifta på stølen ut frå dei rammevilkår som er i landbruket og han gjer eit viktig bidrag for å ta vare på stølsmiljøet. Han har dyrka oppatt jordvegen, uthus er restaurert og stølen er i aktiv bruk til fôrproduksjon. Eit avgjerande moment for slik prioritering, er at stølsbrukarane har sel som er funksjonelle.

Vestre Slidre statsallmenning er den allmenning i landet som har den mest intakte stølsdrifta og eit levande stølsmiljø. Det er eit nasjonalt mål å ta vare på stølskulturen, og staten set inn ulike stimuleringstiltak for å nå dette målet. I denne saka, og fleire liknande, ser vi at statlege institusjonar i praksis motarbeidar dei same måla med juridiske spissformuleringar. For at vi i framtida skal kunne ta vare på ei slik drift og eit slikt miljø, er det nødvendig at lokalkunnskapen ikkje blir overprøvd av eit sentralisert miljø langt frå landbruksnæringa.

Vedtak

Fjellstyret finn at det ut frå drifta på stølen er behov for det omsøkte sel og godkjenner oppføring av sel med storleik 60 m² (BRA). Fjellstyret finn ikkje å krevja at det gamle selet skal fjernast, grunngjeving for dette er

at selet har stor kulturhistoriske verdi, jf. uttale frå Oppland fylkeskommune. Fjellstyret stiller som vilkår for at det gamle selet skal stå, at det blir tilbakeført til opphavleg utsjånad. Plan for tilbakeføring skal utarbeidast i samarbeid med Oppland fylkeskommune og godkjennast av fjellstyret. Vidare stiller fjellstyret som krav at det tidlegare kårselet, godkjent i fjellstyresak 61/05, blir fjerna før oppføring av nytt sel tek til.

Sidan dette er ei godkjenning på spesielle vilkår, finn fjellstyret det rett at dei ulike vilkåra blir spesifisert i ei eige avtale som skal underskrivast av søkjar og fjellstyret. I ei slik avtale skal det m.a. gå fram krav til bygg og rekkefølge/tidsperspektiv for dei ulike tiltaka. Ei avtale vil også innehalde reglar om kva som skal skje om vilkår ikkje blir oppfylt.

Endeleg vedtak om byggeløyve vil bli gjeve etter at fjellstyret har godkjent plassering og teikningar på nytt sel, godkjent plan for tilbakeføring av gammalt sel og avtale er underskriven.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år etter endeleg byggeløyve er gjeve, fell løyvet bort. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Fjellstyret har gjort vedtak med heimel etter §10 i stølsforskrifta.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.11.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Rune Øygard
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune